

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 03.06.2016
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Olav Hesjedal/ Helge Eide

SAKA GJELD: **Innføring av KULE i Helse Førde**

ARKIVSAK: 2016/47
STYRESAK: **033/2016**

STYREMØTE: **17.06.2016**

Administrerende direktør si orientering pkt. 4

KULE (Kurve og Legemiddellogistikk) er innføring av elektronisk legemiddelliste og strukturert føring av observasjonar og tiltak i pasientbehandlninga. Denne delen av pasientjournalen har til no vore papirbasert, og etter utskriving blitt scanna til pasientjournalen. Det har i fleire år pågått eit regionalt prosjekt i Helse Vest som først kartlagde behova, for i etterkant å kjøpa eit elektronisk system (MEONA) som skal nyttast på alle sjukehusa i Helse Vest.

Alle kliniske einingar i Helse Førde skal ta i bruk Meona (elektronisk kurve). Vårt lokale innføringsprosjekt har laga tidsplan for innføring i alle einingar. I tillegg har prosjektet planlagt og organisert opplæring av alle brukarar. Prosjektgruppa arbeider i tillegg med kartlegging og forslag til endring av alle arbeidsprosessar i sengepostar for å kunna utnytta det nye IKT- verktøyet til beste for pasientar og tilsette (gevinstrealisering).

I løpet av innføringsperioden på to år skal nesten 1200 tilsette ha opplæring og rettleiing i bruken av løysinga. Dei fleste skal ha heildagskurs. Alle opplæringskurs er planlagt saman med avdelingane som ein del av årsarbeidsplanen til dei tilsette. Slik kan i all hovudsak opplæring og i bruktaking gjennomførast innanfor normal drift. Ved oppstart skal alle tilsette kjenna seg trygge i bruk av det nye datasystemet. Derfor er det i starten planlagt arbeidsplassnær brukarstøtte i avdelinga heile døgnet. Desse superbrukarane gjennomgår ei

utvida opplæring. I løpet av hausten 2016 vil 58% av sengeplassane i Helse Førde ta i bruk KULE (MEONA).